

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ KD

Dato: 25.04.2023

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/21-23

<b>PROTOKOLL TIL MØTE NR. 07 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2021-2023</b>
---

**Stad:** Digitalt møte (Microsoft Teams)  
**Tidspunkt:** Tysdag 25. april, kl. 20.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 40 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 41 21-23** Godkjenning av protokoll nr. 06 21-23

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 42 21-23** Årsmelding hopp- og kombinertkomiteen  
**SAK 43 21-23** Handlingsplan 2021-2023  
**SAK 44 21-23** Kandidatar til krinsen sine Heidersteikn

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Johnny Seljeset, Rune Pedersen, og Kennet Dvergedal (adm.)

**FORFALL:** Lars Brekke

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

**REFERATSAKER**

**SAK 33 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

**SAK 34 19-21**

**Godkjenning av protokoll nr. 06 21-23**  
**Bakgrunn**

Vedlagt ligg protokoll frå HKK møte nr. 06 21-23. Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

## **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 06 21-23

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

### **SAK 42 21-23**

#### **Årsmelding hopp- og kombinertkomiteen**

##### **Bakgrunn**

Framlegg til årsmelding for hopp- og kombinertkomiteen i perioden 2021-2023 ligg vedlagt.

##### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner årsmelding 2021-2023 med justeringar som vart gjort i møtet.

### **SAK 43 21-23**

#### **Handlingsplan 2021-2023**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta Hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg vedlagt.

##### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen evaluerte tiltak i handlingsplan for 2021-2023, og gjer vedtak om at adm. legg evalueringa til grunn i det vidare arbeidet med ny handlingsplan for komande periode, 2023-2025.

### **SAK 43 21-23**

#### **Kandidatar til krinsen sine Heidersteikn**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins har følgjande utmerkingar:

- Heidersmerket med diplom
- Heidersstatuetten med diplom

**Heidersmerket** kan delast ut til personar som:

- Administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein stor innsats for skiidretten gjennom mange år.
- På andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten store tenester

**Heidersstatuetten** kan delast ut til personar som:

- Administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein **særskilt** stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- På andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten **særskilt** stor tenester

Medlemar og styra i lag tilslutta Skikrinsen, styret i Skikrinsen og Heidersteiknemnda kan komme med framlegg på kandidatar. Med Framlegget skal følgje skriftleg grunngjeving.



### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteenn gjer vedtak om følgjande framlegg av kandidat:

#### **Heidersmerket:**

- Anders Fannemel, Hornindal IL

### **EVENTUELT**

**Neste møte i HKK: Vårmøte 3. juni 2023**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)  
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)  
Referent